



Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8076-2

## Eigarmelding 2015

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
  - a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap: F1 Holding AS, Fjord1 AS (gjennom eigarskapen i F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentre AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
  - b. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Eigarmeldinga 2015 – Fylkeskommunalt eigarskap i selskap

## SAKSFRAMSTILLING

### 0. Habilitet

Fylkestinget må ta stilling til om representantane er habile til å ta del i handsaminga av det enkelte selskap. I vurderinga er det m.a. relevant om representanten er medlem av styret i selskapet. Dei representantane som vert vurdert ugilde til å legge til rette og fatte avgjerd i høve eit enkelt selskap, kan ikkje ta del i drøftinga og avrøysting om det selskapet. Desse representantane kan delta i den generelle debatten i saka og handsaming av andre selskap.

Det vert lagt opp til å handsame kvart enkelt selskap etter tur, slik at ev. ugildskap i høve eitt selskap ikkje går ut over representanten sitt høve til å delta i avgjerder om andre selskap.

### 1. Samandrag

Dette er åttande gongen fylkestinget får seg førelagt ei melding om fylkeskommunalt eigarskap i selskap. Første gongen var i fylkestinget i desember 2008 i sak 38/08.

Framlegg til eigarmelding 2015 har teke omsyn til fylkestinget sine tidlegare vedtak, samt andre vedtak om fylkeskommunal eigarutøving.

Del I av eigarmeldinga omhandlar eigarpolitikk med synspunkt og vurderinger av mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar, etikk, reglar og rutinar for korleis utøve fylkeskommunal eigarskap, rollefordeling, samt habilitet.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og ei vurdering av om fylkeskommunen bør halde fram som eigar. Det er også utarbeidd ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er stiftar/medstiftar.

## **2. Vedtak om Eigarmelding 2014 – fylkestingssak 33/14**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 33/14:

*«1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av Eigarmeldinga, inkl. nye mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2., med slike tillegg:*

*Pkt.1.2 Framlegg til nye føremål om eigarskapen*

*Nytt punkt under pkt. 2:*

*o Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.*

*Nytt punkt under punkt 3:*

*o Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlege grupper.*

*2. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):*

*a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:*

*F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Lutelandet Utvikling AS, Sandane Industri L/L, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Sogneprodukt AS.*

*b. Starte prosess med avvikling av eigarskapen i fylgjande selskap:*

*Luna Industri AS (prosess er i gang), Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.*

*3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu avvikling av eigarskapen i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor. Fylkesutvalet får framlagt ein kort strategi for avvikling av eigarskapen i selskapa.*

*4. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjepostane/lutane i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.*

*5. Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak om forenkla rapportering og oppfølging av selskap der fylkeskommunen har eigarskap. Det er særleg viktig å forenkle rapportering for selskap som det ikkje har skjedd vesentlege endringar med siste året. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne opplegget for rapportering.»*

## **Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak**

FU-sak 23/15 Eigarskap - forenkling av fylkeskommunal eigaroppfølging

Saka er ei oppfølging av punkt 5 i vedtak i sak FT-sak 33/14 om eigarmelding 2014.

Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak:

*«1. Rutinen med eit årleg «vårmøte» i fylkesutvalet vert avvikla.*

*2. Rapporteringsskjema for eigarrepresentantane vert endra i tråd med framlagt endringsforlag, jf. vedlegg.*

*3. Rutinen der fylkesutvalet får ei sak om rapportering frå eigarrepresentantane til handsaming i august vert avvikla.*

*4. Som ny rutine vert styrekandidatar og vararepresentantar i fylkeskommunalt eigde selskap, IKS og stiftingar peika ut for heile den fylkeskommunale valperioden med mindre*

*vedtekten til ein skildselskap seier noko anna.»*

Eigarmelding 2015 er endra i samsvar med vedtaket.

#### FU-sak 49/15 Strategi for avvikling av eigarskap i selskap

Oppfølging av punkt 3 i vedtak i sak om Eigarmelding 2014, FT-sak 33/14. Saka munna ut i eit ikkje-offentleg vedtak.

Sal av aksjar i Luna Industri AS skjedde i desember 2014. Dei andre selskapa på lista i vedtaket punkt 3b er ikkje seld per september 2015, men det pågår ein prosess. Fylkesutvalet blir halde orientert om framdrifta.

### **3. Med grunnlag i dei vedtekne føremåla for fylkeskommunal eigarskap gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkeskommunen inntil anna ev. vert bestemt skal eige aksjar/andelar i følgjande selskap:**

F1 Holding AS, Fjord1 AS (gjennom eigarskapen i F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

### **4. Opplæring av folkevalde**

Det har ikkje vore gjennomført opplæring av dei folkevalde i 2015. Etter vedteken opplæringsplan skal det innan 6 månader etter ny fylkesvalperiode haldast ei opplæring av dei folkevalde.

Tema for opplæringa vil vere i tråd med opplæringsplanen i Eigarmelding 2015.

### **5. Andre endringar i eigarmeldinga**

#### **Endringar i del I:**

##### *Generelt*

Det er gjort mindre språklege endringar i eigarmeldinga frå 2014. Desse er ikkje omtala nærare i saksframlegget. I det vidare vil fylkesrådmannen trekke fram dei viktigaste endringane i meldinga:

Eigarmeldinga er i år oppdatert i samsvar med KS sine 19 anbefalingar, som sist vart revidert hausten 2014<sup>i</sup>. Eigarmeldinga er vidare oppdatert delvis i tråd med Norsk utval for eierstyring og selskapsledelse (NUES) sine til ei kvar tid gjeldande anbefalingar for eigarstyring og selskapsleiring<sup>ii</sup>. Dette er dei anbefalingar staten legg til grunn for si eigarmelding. NUES sine anbefalingane gjeld i utgangspunktet for private og statleg eigde børsnoterte selskap, men har overføringsverdi til andre selskap.

Oppdateringa har mellom anna resultert i:

- Nytt punkt om exit-strategi
- Nytt punkt om krav til selskapsstrategi
- Nytt punkt som omtalar styresamansetning i konsernmodell.

##### *Dei enkelte endringane i del I*

- Nytt **kapittel 1.5** om exit-strategi: anbefaling om å utforme ein exit-strategi dersom fylkeskommunen går inn som eigar i selskap i framtida.
- Oppdatert **kapittel 1.7** om styringsgrep: presiserer anbefaling om eigarstrategi og selskapsstrategi.

<sup>i</sup> <http://www.ks-bedrift.no/temaer/Juss/KS-anbefalinger-for-godt-eierskap--revidert-/>

<sup>ii</sup> <http://www.nues.no/filestore/Dokumenter/Anbefalingene/2014/2014-10-30Anbefaling2014NORweb.pdf>

- Oppdatert **kapittel 1.8** om samfunnsansvar og etikk: Det er gjort visse presiseringar. I tillegg er det kome eit nytt **punkt 1.8.3** om rettslege råmer for den enkelte verksemد og fylkestinget sine forventningar knytt til dette.
- Kapittel 1.9: Det er kome inn nytt avsnitt med saker frå **2015**. I tillegg er det frå og med Eigarmelding 2015 berre teke med saker frå meldingsåret og etterfølgjande år fram til september d.å.. Dette grepset er gjort for å korte ned meldinga. Informasjon om saker frå tidlegare år er tilgjengeleg i eldre meldingar.
- Punkt 2.5.2** om «Retningsliner for fylkeskommunen si utpeiking av styremedlemmar» har fått tre nye avsnitt om avtalefesta prosedyre for val av styre, styresamansetning i konsernmodell, habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra.
- Kapitla om fylkeskommunale eigarrepresentantar og styrerepresentantar har bytta rekkefølgje. **Kapittel 2.4** om fylkeskommunale eigarutsendingar er flytta opp og noko skrive om, men meiningsinnhaldet er det same. Retningsliner for utpeiking av styre-representantar er no i **kapittel 2.5**.
- Punkt 3.2.1** om fylkesutvalet si rolle i fylkeskommunal eigarutøving har fått ei presisering i tråd med delegeringsreglementet punkt 4.5 om kjøp og sal av aksjar og høvet til fylkestinget.
- Kapittel 3.3** om opplæring av folkevalde er presisert. Presiseringa går ut på at dei folkevalde i opplæringa skal få opplæring i rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging og ein statusrapport for eigarskapen i dei ulike selskapa. I tillegg er det kome eit nytt avsnitt om styreopplæring i kapitlet: Kort om opplæring av styremedlemmar.
- Punkt 3.5** om rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring er oppdatert i samsvar med FU sitt vedtak om forenkla eigaroppfølging i sak 23/15.

### **Endringar i del II:**

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar og eigaravtalar, slik at omtalen av kvart selskap er så oppdatert som mogleg.

Selskapa er delt inn:

- 1) Finansielle mål,
- 2) Næringsutvikling,
- 3) Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak og
- 4) Fylkesomfattande kulturselskap  
(Arbeidsmarknadsbedrifter)

#### *Oppdatering av selskapsinformasjon*

Nye styresamansetningar og andre oppdaterte selskapsopplysningar er tekne inn under det enkelte selskap. I Eigarmelding 2015 går det fram av selskapsoversikta kven som er valt eigarutsending, samt kven som møtte på ordinær generalforsamling/ føretaksmøte/representantskapsmøte.

#### *Vurdering av eigarskapen*

I tråd med vedtekne retningslinjer er det gjort ei oppdatert vurdering av eigarskapen i kvart enkelt selskap etter kriteria for eigarskap.

Fylkestinget skal mellom anna stilling til om det er særlege forventningar til enkelte selskap for den komande perioden. Dette vert teke inn under omtalen av selskapet i eigarmeldinga del II, men går også fram av vedtaket.

#### *To nye selskap i Eigarmelding 2015*

Fra og med Eigarmelding 2015 vil Fjord Norge bli ein del av eigarmeldinga. Sogn og Fjordane sine aksjar i Fjord Norge AS har vore disponert av Sogn og Fjordane Reiselivsråd. Rådet vart lagt ned i tråd med vedtekene denne våren, og aksjane er overførte til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eigen avtale.

I tillegg har fylkeskommunen kjøpt nokre av Ruter AS sine aksjar i Interoperabilitetstjenester AS. Selskapet er difor teke med i meldinga.

#### *Eit selskap er seld i 2014*

Luna Industri vart selt til Luna Minerals AS i 2014. Eigarmeldinga 2015 vil såleis vere siste rapportering på selskapet.

#### *Stiftingar*

Informasjon om styra og grunnskapital er teke ut av oversikta. Årsaka til det er at informasjonen ligg i stiftingsregisteret og informasjonen der vert oppdatert oftare enn den årlege eigarmeldinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Oversikt over fylkeskommunale tilskott for 2014 er teke inn for enkelte av stiftingane.

## **6. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I samt omtalane og vurderingane av selskapa og stiftingane i del II.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)